

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1969

Namnet på vatnet Øykerabut
Kommune Büegsund

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

A R K A V A T N E T

Fiskeanalyesen vart foreteken den 29. august 1979.

Vatnet ligg i Haugesund kommune, nærmere stadfest i Ramsdalen, og aust for Skeisvatnet.

Arealet er omlag 7 ha. og h.o.h. 30 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men ein kan sjå botn over det heile, så det er neppe over ca. 2,0 m djup nokon stad.

Stranda består stort sett av jordsmønn.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er frodig og ein vil finna botngras, brasmebras, flotgras, nøkkeroser, snelle, siv- og algevegetasjon. Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter og kulturskog. Hovudtilsiget fell inn i sør-aust og kjem frå Eivindsvatnet m.fl. Avlaupet renn ut i vest til Skeisvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Fargen på vatnet er brunleg-gul som indikerar påverknad av humus. Surheita pH er målt til 5,6 som er tåleg bra for aure.

Innhaldet av kalsium (Ca/1) er målt til 3,25 mg/l og den totale hardheita (CaO/1) til 5,0 mg/l.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) = 46,7.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøve på 1,0 m djup og her vart det funne 15 fjærmygglarver, 6 muslingar, 3 vårflugelarver, 2 vannmidd og 2 vannkalv - i alt 280 individ pr. m^2 .



For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 2 fiskar. Her vart det funne fjærmygglarver, stingsild, buksvømmere og luftinsekter.

Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, ål og stingsild. Sjøaure kan muligens forekoma.

Det vart sett ut 5 garn. av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 84 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, vil dette grafisk sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 28 aurar og av desse var 26 lys-røde og 2 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 18 hofiskar og 10 hanfiskar.

17 av prøvefiskane (61 %) var angripne av måkemakk.

Av samla fangst (84) var heile 81 fiskar gytefisk og berre 3 stk. var gjelfisk.

Medelveka av samla fangst var 177.3 gram.

Den største auren var 340 gram og 31.5 cm.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane, vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.6	9.3	14.8	20.1	24.7	29.2
Årleg lengdetilvekst i cm	4.6	4.7	5.5	5.3	4.6	4.5
Antall fiskar	28	28	28	28	26	6

Medel kondisjonsfaktor = 1.04 tilseier fisk av god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for auren i Arkavatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr år). Som vi her vil sjå, syner auren i Arkavatnet ein fullt og heilt normal lengdetilvekst. Nokon vekststagnasjon i samband med kjønnsmogning og gyting gjer seg ikkje gjeldande.


Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må Arkavatnet karakteriserast som eit relativt produktivt fiskevatn og med eit aurebeatand litt i overkant av det ideelle.

Dei kjemiske tilhøva er godt brukande for ferskvassfisk, sjølv om vatnet er noko surt. "Bufferemna" er og relativt bra, slik at svingningane i pH ikkje skulle bli så store gjennom året.

Botnprøven og mageprøver syner mange arter verdfulle næringsdyr. Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, fortel om fisk av ymse årgangar og storleikar.

Vekstkurve og K-faktor er som normalt.



Som kjent spelar nedslagfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringsstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Det er herfrå at vatnet får tilsiga sine, og dei stoffa som til-siga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

P.g.a. kultivert mark vil Arkavatnet få noko gjødseltilsig, men sjølve hovudtilsiget fører eit noko surare vatn. Denne blandingen fører då til ein relativt bra vasskvalitet.

Fisken vi fekk var av god kvalitet, men sterkt infisert med måke-makk. Dette tyder på at fiskebestandet er i største laget, då

ein sjeldan vil finna sterkt infisert fisk i tynnare befolka vatn.

Gytetilhøva er gode i hovudtilsiget, slik at nye og store årgangar med yngel og småfisk vil årleg koma inn i Arkavatnet.

Praktiske tiltak.

Då fiskebestandet som nemnt er i største laget, vil vi tilrå at fisket blir intensivert noko i åra framover, i høve til det som har vorte fiska i seinare år. Ein vil då kunna oppnå ein meir parasittfri fisk av god kvalitet.

Vidare må dei som fiskar reinske fisken snarast etter fangst. Parasittane er som regel å finna på fiskesloet og vil såleis fylgja med ut når fisken blir sløyd. Grav alltid fiskeslo og anna fiskeavfall forsvarleg ned.

Etter alt å døma skulle sjøauren kunna gå opp frå Skeisvatnet til Arkavatnet, men då eit midtparti er sterkt gjengrodd er det uvisst om så skjer. For å lette oppgangen av sjøaure, må det gravast ein kanal gjennom vegetasjonsbeltet, slik at ein meir får samla vatnet. Dette har vel kanskje likevel ikkje så mykje for seg, då kostnadene vil bli for store i høve til det ein har å vinna. Saka må vurderast nærrare i samråd med Fiskekonsulenten. Hovudtilsiget til Arkavatnet høver godt for utsetjing av sjøaure- yngel og under flaumar vil denne lett kunna gå ut. Dette er viktig når det gjeld å byggja opp eit rikt sjøaurebestand i vassdraget. I fyrste omgang skulle ein tru det måtte vera rett å konsentrera arbeidet vedk. sjøaure frå Skeisvatnet og til sjøen, før ein startar opp med noko gravearbeid e.l. ovanfor Skeisvatnet. Heile vassdraget, frå sjøen og til Eivindsvatnet må ein gå over saman med Fiskekonsulenten. Det må teiknast ei skisse og tiltak i form av kulpar o.l. må merkast i marka. Heile vassdraget er mykje interessant og vil kunna gi ei relativt bra avkastning av sjøaure.

Om ynskjeleg kan underskrivne vera hjelpesam med å setja dei tiltaka som her er peika på ut i livet.

Stavanger 18/2 1980

EINAR BERG